

GAULARFJELLET 70 ÅR I 2008

FAMILIETUR SVÆRASKARET NED

Det vert arrangert familietur over Sværaskaret med start og registrering ved parkeringa til Torsnesstølen. Turen går i flott terreng på den gamle ferdselsåra mellom Sogn og Sunnfjord. Opprinneleg var dette traseen Gaularfjellet var tenkt. Det vert høve til å fylgja kjentfolk. Turen er gratis men det vert trekt premiar på startnummera.

Registrering og utdeling av startnummer frå kl 9.00-11.00. Turen endar ved Andrinastova på Dale der det vert sal av bl.a betasuppe, kaker, kaffi m.m. Ta med kle, mat og drikke som høver for turen og været. Det vert ordna med transport til brøytetasjon for dei som ynskjer det, her vert det utdeling av diplom og trekking av premiar i samband med innkomst av sykkelrittet GAULARFJELLET OPP.

Spørsmål? Kontakt Inga Midttun,
inga.midttun@c2i.net

